

## FØRESEGN

### Detaljregulering for Bjørnestø Småbåthamn.

PlanID: 1263-201401.

Dato: 03.12.2016

Tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påverke tryggleik eller framkomst i sjøområdet, krev løyve fra Bergen og om lag havnevesen (BOH). Søknad vert å sende til BOH i god tid før tiltaket vert iverksett.

### 1. Bygningar og anlegg (pbl § 12-5 nr 1)

#### 1.1. Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

##### 1.1.1 Småbåtanlegg

Det kan etablerast småbåtanlegg (flytebryggje) med 20 båtplassar innan for området f\_S.

Det kan etablerast tilkomstbru fra G til småbåtanlegget i f\_S. Tilkomstbrua skal leggjast slik at ein småbåt/robåt kan passere under bruha på sjø til område N.

#### 1.2. Uthus/naust/badehus

##### 1.2.1 Naust

Område er delt opp i N (eksisterande naustområde) og f\_N Naustrekke.

Innanfor N er det eit naust, slipp og kai. Ingen endring i tal naust og ingen endring i bruk. Naust kan byggast opp i same storleik som eksisterande naust, men ikkje utover dei avgrensingane som er sett i kommuneplanen.

I naustområdet, f\_N, kan det innanfor byggegrensa førast opp maks 5 naust/naustrekke, eller fellesnaust. Naust skal ikkje nyttast til varig opphold og overnatting.

##### 1.2.2. Utnytting f\_N

Maks areal naustrekke = 207 m<sup>2</sup> BYA/BRA.

Enkeltnaust (del av naustrekke)

- 1 etasje med bruksareal (BRA) inntil 40 m<sup>2</sup>.
- Garnloft skal ikkje ha målbart areal.
- Areal vindauge/ dagslysflate skal ikkje overstige 3 % av BRA.
- Det skal etablerast minimum 4 boder i kvart naust.
- **Naustrekka skal delast opp i grupper på 2 og 3 naust, med mellomrom mellom rekkene.**

##### 1.2.3. Høgd

Mønehøgd skal være maks 5 m målt frå topp ferdig golv. Knevegg på loft er ikkje tillate.

##### 1.2.4. Terrengtilpassing

Ved byggjemelding skal det leggjast fram snitt som syner parkeringsplass, naust/naustrekke, planert terreng og havnivå. Området f\_N skal ha ei planert høgd på maks 6 moh (meter over havnivå). **Det skal unngås inngrep i kulturlandskapstrekk i området som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter og liknande.**

##### 1.2.5. Støttemur

Støttemur - maks høgde på 1,5 meter. Natursteinsmur skal ikkje ha ein brattare helling enn 3:1.

## *Føresegn - Bjørnestø Småbåthamn*

---

### 1.2.6. Estetiske forhold

*Nausta skal ha saltak med takvinkel mellom 35 og 45 grader. Garnloftet kan ha vindauge. Altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate.*

## **2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr 2)**

### **2.1. Veg**

#### 2.1.1. Bruk av veggrunn

Veg f\_V - felles for dei som har naust og båtplass i småbåthamna.

Veg o\_V er del av Vabuvegen Kv1205 - kommunalveg.

#### 2.1.2. Gangveg G

Gangveg/sti fra parkeringsplassen og ned til båtanlegget. Gangvegen skal ha ein bredde mellom 1,2 – 1,5 m.

#### 2.1.3. Avkjørsel /veg

Det skal vere avkjørsel fra offentleg veg (o\_V) til felles veg (f\_V).

Det skal ikkje plantast eller setjast opp murar som er over 0.5 m eller hindrar sikt mot offentleg veg.

Maksimal helning i avkjørsel skal vera -2,5 % dei første 5 m frå vegkant inn i f\_V.

Vegbredde minimum 3 meter.

### **2.2. Parkeringsplass**

#### 2.2.1. Parkering

Det skal lages plass til min. 7 biloppstillingsplasser for personbilar + 1 plass for rørslehemma.

Planeringshøgd parkeringsplass maks 6 moh (meter over havnivå).

#### 2.2.2. Fylling mot sjø

Eventuell oppfylling mot sjø skal avsluttast med naturstein og sikrast med gjerde om naudsynt.

### **2.3 Overvasshandtering**

2.3.1 Det skal sikrast tilstrekkeleg overvasshandtering langs veg og på parkeringsplass.

## **3. Landbruks- natur- og friluftsformål samt reindrift (pbl § 12-5 nr 5)**

### **3.1. LNF**

3.1.1 Området skal brukast slik det er i dag.

## **4. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl § 12-5 nr 6)**

### **4.1. Ferdsel**

4.1.1 Området F skal nyttast slik det er i dag.

## **5. Hensynssoner (pbl § 12-6)**

### **5.1. Sikringssone – frisikt H140**

Innanfor frisiktarealet er det ikkje tillate med murar, gjerder eller vegetasjon høgare enn 0.5 m over tilstøytande veggivå. Terrenget skal ikkje planerast høgare enn tilstøytande veggivå.